



«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Per Kristoffersen, 33371051

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

## Høring - Ny forskrift om vernskog mot fjellet i Telemark

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet gav i tildelingsbrev for 2024 (saksnr. 23/28)

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark i oppdrag å starte arbeidet med forskrifter for vernskog mot fjell og kyst, basert på Landbruksdirektoratet sin rettleiar.

Landbruksdirektoratet utarbeidde i 2023 rettleiaren «Forvaltning av vernskog – Veileder for revisjon av vernskoggrenser og forvaltning av vernskog» (rapport 23/3-31, 05.06.2023), som seinare vart erstatta av ein oppdatert versjon (rapport 25/3-22, 08.04.2025).

Rettleiaren tilrår at det vert fastsett tre separate forskrifter; ei forskrift for vernskog mot fjellet, ei forskrift for vernskog mot kysten og ein forskrift om vernskog mot naturskadar.

Denne høyringa gjeld forslag til ny forskrift om vernskog mot fjellet i Telemark.

### Bakgrunn

Vernskoggrensene har røter tilbake til skogloven i 1893, den såkalla Vernskogloven. Det har vært gjennomført fleire revisjonar, både i skoglovane frå 1908 og 1932 og i eit eige rundskriv M-0618 «Forvaltning av vernskog» frå Landbruksdepartementet i juni 1992. Utgangspunktet for vernskogpolitikken som vart ført, var å sikre føynging og gjenvekst.

Formålet med vernskogforskrifter er å fastsette grensene for skog som tener til vern for annan skog, for seg sjølv eller mot naturskadar. Forskriftene skal også gi regler for forvaltinga av skogen som sikrar ei skogbehandling som tek vare på funksjonane til vernskogen.

Fylkesmannen i Telemark fastsette 22. juni 2016 Forskrift om vernskog, Telemark<sup>1</sup>. Arbeidet med denne forskriften tok utgangspunkt i vernskoggrensene som vart fastsett for kvar kommune av Fylkeslandbruksstyret i Telemark i perioden 1993–94, samt retningslinjer for forvaltning av vernskog i Telemark fastsett av Fylkeslandbruksstyret 14. september 1993. Desse retningslinene gjaldt for dei kommunane i Telemark som har vernskog.

<sup>1</sup> [Forskrift om vernskog, Telemark - Lovdata](https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2016-06-22-748) (<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2016-06-22-748>)



Grensene for vernskog mot fjellet i Telemark er tidlegare teikna inn digitalt og gjeng fram mellom anna av kartverk i Kilden hjå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)<sup>2</sup>.

## Heimel

Heimelen for å gi forskrifter om vernskog er gitt i lov om skogbruk (skogbrukslova) § 12 der det er nemnd følgjande: «Statsforvaltaren kan gi forskrift om at skog skal vere vernskog når skogen tener som vern for annan skog eller gir vern mot naturskadar. Det same gjeld område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er sårbar og kan bli øydelagt ved feil skogbehandling. Forskrifta skal legge fast grensene for vernskogen og gi reglar for forvaltninga av skogen. Det kan også fastsetjast reglar om meldeplikt. Kommunen skal sørge for at eigarar av vernskog blir gjort kjent med vernskogvedtaket og dei reglane som blir fastsette, og skal kunngjere vedtaket i dei aviser kommunen elles nyttar til kunngjeringar.»

## Vernskogen sine funksjonar

Etter heimelen i skoglova kan vernskogen ha følgjande tre funksjonar:

1. Vern for annan skog
2. Vern mot naturskadar
3. Vern for å sikre at utsett og sårbar skog sjølv ikkje blir øydelagd ved feilaktig handsaming

Funksjon 1 og 3 har ei målsetting om å sikre og fremme skogen sitt produksjonspotensial, først og fremst for det skogbeltet i fjellskog og skog ut mot havet som ligg nærmest mot dei skoglause arealtypane. Funksjonen til skogen er her å sikre forynging under vanskelege klimatiske tilhøve, slik at skogen sjølv ikkje blir øydelagd. Vernfunksjonen for annan skog har eit breiare spekter, som å betre dei klimatiske veksttilhøva til annan skog, sikre annan skog mot skadar og øydelegging, som for eksempel vindfelling og frost.

Med funksjon 2 meinast vern mot naturskadar som skred, flaum, sandflukt, vind eller liknande. Denne funksjonen kan sikre skogen sin effekt som sikring for infrastruktur og bygg i tillegg til nedanforliggande skog og andre landbruksinteresser. Denne delen av vernskogregelen har vore lite brukt. Vern for annan skog (funksjon 1) fell delvis også inn under vern mot naturskadar (funksjon 2), noko som til no har vore lite vektlagt. Desse tilhøva vil bli nærmare avklart når forskrift mot naturskadar skal fastsettast.

## Mål for forskiftsarbeidet

Målet med forskiftsarbeidet er i fylge Landbruksdirektoratet å få meir samanfallande forskrifter og å få saumlause vernskoggrenser mellom fylke og kommunar, samstundes som det skal leggjast til grunn føremålstenlege skogfaglege løysingar for arbeidet. Vernskogen skal utfigurerast digitalt på kart etter nasjonale teikneregler og gjerast tilgjengeleg på NIBIO sin innsynsløysing Kilden.

## Ny forskift om vernskog mot fjellet i Telemark

Ved utarbeiding av forslag til forskrift om vernskog mot fjellet har vi lagt vekt på å følge dei anbefalingane til innhald og mal for forskifta som er gitt i rettleiaren frå Landbruksdirektoratet. Vi har samstundes lagt vekt på gjeldande forskrifter for Telemark frå 2016 med dei tilhøyrande grensene, som vi meiner vart grundig vurdert og lagt til grunn for vedtaka i Fylkeslandbruksstyret i 1993-94.

---

<sup>2</sup> [Kilden - skogportalen](#)

([https://kilden.nibio.no/?topic=skogportal&zoom=4.7&x=6617744.26&y=90382.1&bgLayer=graatone&layers=vernskog\\_fjell,adm\\_inn\\_fylkegrense&layers\\_opacity=0.75,0.75&layers\\_visibility=true,true](https://kilden.nibio.no/?topic=skogportal&zoom=4.7&x=6617744.26&y=90382.1&bgLayer=graatone&layers=vernskog_fjell,adm_inn_fylkegrense&layers_opacity=0.75,0.75&layers_visibility=true,true))



Samstundes registerer vi at klimaendringar fører til at skoggrensa flytter seg høgare opp mot fjellet. Ut frå ei fagleg vurdering, foreslår vi å heve grensa for vernskogen generelt med 20–40 meter. Nokre stader meiner vi det ikkje er grunnlag for å endre grensa, mens andre stader har vi i forslaget heva den meir.

Vi er også opptatt av at regelverket må leggje til rette for ei effektiv forvalting av skogbruket i vernskogen. Både skogbrukslova, berekraftforskrifta, landbruksvegforskrifta og Norsk PEFC skogstandard inneholder retningslinjer for utøving av skogbruk, som også gjeld i vernskog. I forskrifta frå 2016 er ein del av desse retningslinene nemnd. Det vil etter vårt syn vere mogleg å forenkle ei ny vernskogforskrift ved å utelate reguleringar som er ivaretake i anna regelverk.

Som ei førebuing til arbeidet med nye forskrifter sendte vi 05.07.2024 og på ny 13.03.2025 melding om dette til kommunane, samstundes som vi bad om innspel til endring og fastsetting av vernskoggrenser og forskrift for forvaltning av vernskog mot fjellet og kysten. Vi fekk i denne samanheng fleire innspel både for høgd for grensa, områder som ikkje treng vere med og meldeplikt for hogst i vernskogen. Innspela har vore nyttige i arbeidet. Eit hovudtrekk i dei foreløpige innspela, er at skoggrensa dei seinare 10-åra har auka si høgd over havet.

I forskrifta meiner vi at det er rett at det er kommunane som fattar vedtak om hogst i vernskog, ut frå at dei har den beste kjennskapen til dei lokale skog- og klimatilhøva, samstundes som vi meiner det er rasjonelt at Statsforvaltaren utarbeider eit skjema for skogeigar si innmelding av plan for hogst i vernskogen.

### **Dei nye vernskoggrensene og vernskogen digitalt på kart**

For å gi best oversikt over forslag til endring av vernskoggrenser har vi no lagt dette ut på ei eiga kartløysing, som berre kan nyttast digitalt: [Vernskoggrensene og vernskogen - AR50<sup>3</sup>](#)

Sidan utfigureringa av vernskogen no skjer med avgrensingar frå høgdekurver N50 med 20 meters høgeforskjell (ekvidistanse) og vernskogen oppetter avgrensast av skog registrert i kartlaget AR50 (Norges arealressursar), vil vernskogen no visast på kart som eit areal, i motsetning til tidlegare der vernskogen vart vist digitalt som alt areal over vernskoggrensa. Det nye kartet vil no gi betre oversikt.

### **Innspel til høyringa**

Vi vil oppfordre høyningsinstansane til å gi innspel både til vernskoggrensene og reglane som er gitt i forskrifta.

Med omsyn til vernskoggrensene kan merknader til desse sendast inn enten som kartfiler, skisser på kart eller beskrivast med visning til stader, høgdekoter mv.

### **Frist**

Frist for høyningsuttale settast til 30. oktober 2025.

---

<sup>3</sup> <https://experience.arcgis.com/experience/24a03a316a1c4b78ab392c795e63f3ee/page/Vernskog-med-AR50>



Med helsing

Ingrid Knotten Haugberg (e.f.)  
fagsjef skog og utmark

Per Kristoffersen  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Forslag vernskogforskrift Telemark 4juli2025

Mottakerliste:

Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITESEID
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
AT SKOG SA	Postboks 73	3901	PORSGRUNN
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
NORTØMMER AS	Jegerstien 18	2406	ELVERUM
SKOGSELSKAPET I BUSKERUD OG TELEMARK	Semsveien 44	3302	HOKKSUND
NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK	c/o Helge Granlund	3692	SAULAND
	Kåsafeltet 4		
NORGES BONDELAG	Postboks 9354	0135	OSLO
	Grønland		
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
LANDBRUKSDIREKTORATET	Postboks 56	7701	STEINKJER
DNT TELEMARK	Postboks 3089	3707	SKIEN
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD,	Postboks 325	1502	MOSS
OSLO OG AKERSHUS			
STATSFORVALTEREN I AGDER	Postboks 504	4804	AREN DAL
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091	0301	OSLO
	Majorstua		
SELJORD KOMMUNE	Brøløsvegen 13A	3840	SELJORD
SABIMA	Mariboes gate 8	0183	OSLO
MASKINENTREPENØRENES FORBUND	Postboks 505 Sentrum	0105	OSLO
TELEMARK FYLKESKOMMUNE	Postboks 2844	3702	SKIEN
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I	Postboks 3089	3707	SKIEN
TELEMARK			



FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND

Christian Krohgs gate 10 0186 OSLO